



Kari Bråthun var ein av vinnarane frå Uskedalen i friidrettsmeisterskapet for Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vart fleire singlar til uskedelingane under Kvinnheradmeisterskapet i friidrett på Husnes i helga.

Kathrine Saghaug imponerte med allsidig innsats i J-10, der ho var med i 60 meter (fjerdeplass med 11,2), 800 meter (fjerdeplass med 4,01,2), kule (sjuandeplass med 3,75), diskos (andreclass med 8,82), lengde (femteplass med 2,47) og høgde (tredjeplass med 1,00).

Kari Bråthun i J-13 vann 60 meter med 9,4 og gjennomførte 800-meteren på 2,47,5

I J-14 gjorde Ingebjørg Haugland ein solid innsats. Ho vann 800-meteren på 2,46,0, kule på 6,58 og høgde med 1,35. På 60 meter vart ho nummer to med 9,4 og ho vart også nummer to i lengde (med 3,76) og i diskos (med 15,46).

I G-11 vart Johannes Haugland andremann på 800 meter med 3,04,4 og andremann i lengde med 3,24. Han vart tredjemann i kule med 6,01, fjerdemann i diskos med 15,30 og sjuandemann på 60 meter med 11,3.

I stafett for jenter 10-14 år 4 x 100 meter kom Uskedal på andrelassen etter Rosendal 2 og hadde tida 1,09,7.